



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Volda vidaregåande skule

Volda, juni 2017

Frå realfagavdelinga ved Volda vidaregåande skule

Valskjema til deg som tek til på Vg1 hausten 2017 – på dei studieførebuande utdanningsprogramma Studiespesialisering (ST), Musikk (MDD) og Medium og kommunikasjon (MK):

I matematikk vert det undervist parallelt i to ulike kurs på Vg1. Begge kursa er på 5 timar kvar veke gjennom heile året.

Matematikk **Vg1T** er tenkt for deg som veit at du får bruk for mykje matematikk i vidare studium, og/eller er spesielt interessert i faget, og føler at arbeidet går greitt. Med Vg1T kan du gå vidare med matematikkurs **R1** og **R2** dei to neste åra hos oss. Med R2 vil alle studieplassar i Noreg vere opne for deg, om karakterane elles er gode nok. (Med Vg1T kan du også velje S1/S2). 1T er avslutta på Vg1, og blir ståande på vitnemålet. NB! På MDD og MK er det ikkje sikkert du får tilgang til matematikk R2 på Vg3 fordi du må ha andre fag.

Matematikk **Vg1P** er det andre kurset du kan velje. Dette kurset er mindre teoretisk, og mange vil nok sjå på 1P som eit enklare kurs enn 1T. Døme på kva du kjem til å arbeide med her er økonomi, geometri, litt sannsynsrekning, og enkle funksjonar. Med Vg1P kan du også gå vidare med **S1** og **S2** dei to neste åra. Med **S1/S2** vil du vere godt kvalifisert for mange studium der ein ikkje legg så mykje vekt på den teoretiske delen av matematikken. 1P er avslutta på Vg1, og blir ståande på vitnemålet. NB! På MDD og MK er det ikkje sikkert du får tilgang til matematikk S2 på Vg3 fordi du må ha andre fag.

Alle kursa over er på 5 timar kvar veke. S1, S2 og R1 gir 0,5 ekstra poeng, R2 gir 1 ekstra poeng ved inntak til høgskular/universitet. Kvart enkelt programfag blir ståande på vitnemålet.

Dei som ikkje vil gå vidare til R1 eller S1 i 2. klasse, må ta 2P, som er på 3 veketimar i 2. klasse. **2P** vil i stor grad bli ei utdjuping av det du arbeidde med på Vg1 (1.klasse), og inngår i kravet til generell studiekompetanse.

Val av matematikk på Vg2 vil skje i løpet av Vg1.

Dersom du vil vite meir om dei ulike kursa, kan du finne dei forskjellige læreplanane om du går inn på "udir.no". Sjå "læreplaner"!

Det er viktig at du forstår at Vg1T og Vg1P er to svært ulike fag, med ulike lærebøker og pensum. Difor vert det vanskeleg å skifte kurs etter at valet er gjort.

Du vil få tilbod om å kjøpe eller låne eigna kalkulator til bruk i undervisninga når du startar skulen. Vi tilrår at alle elevar har denne modellen. Matematikklærarane vil orientere meir ved skulestart.

Gi melding om kva matematikkfag du vil ha på skjema på sidene til www.volda.vgs.no innan 28. juli 2017.

Vi vonar du finn deg til rette på skulen, og vert nøgd med valet du gjer.

Med helsing frå oss som underviser i matematikk.